



Elin Folgerø Styve
Helleåsen 35
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9144 - 22/4849

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
19.01.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 202/130 Eikanger nedre

Tiltak: Oppføring av anneks
Byggjestad: Gbnr: 202/130
Tiltakshavar: Elin Folgerø Styve
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.10.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Plankart som syner tiltaket. Kartet må være illustrert med byggegrenser, syne avstand til nabogrenser og veg, samt andre bygningar på eigendomen. Kartet må også syne siktline ved avkøyrslø. (sjå e-post med illustrasjon). Trygg avkøyrslø skal ivaretaast for alle tomtene, også ved privat veg.
2. Teikningar av tiltaket med alle mål på teikning. Topp kote golv må også merkast på teikning.
3. Terrengsnitt som syner tiltaket plassert i terrenget, eventuelt illustrert med bygningar i nærleiken.
4. Nabolister som syner kven som er varsla, med gards,- og bruksnummer. Gjenpart av varsel og nabolister må leggjast ved.
5. Det må opplystast med gards,- og bruksnummer kven som eventuelt har levert nabomerknad, og tiltakshavar bør ha kommentert merknad dersom det føreligg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Etterspurd dokumentasjon sendes post@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart 202-130

Mottakarar:

Elin Folgerø Styve

Helleåsen 35

5915 HJELMÅS